

---

Vår referanse 2021/274-2  
Dato 28.01.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjon for oppføring av bustad - Fv 564 - Gnr 305 bnr 83 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling infrastruktur og veg syner til brev motteke 05.01.2021 der de ber om uttale til søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område i kommunedelplanen for Meland for oppføring av bustad på gnr. 305 bnr. 83 i Alver kommune.

### Kva saka gjeld

Alver kommune har motteke søknad om dispensasjon frå planføremål for oppføring av bustad på gnr. 305 bnr. 83. Saka er sendt oss på høyring som regional mynde jfm. plan- og bygningslova § 19-1.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland er definert som LNF-føremål.

### Uttale

Vi er kritiske til at ein gjennom dispensasjon legg til rette for bygging av fleire bustader i området ettersom det ikkje er etablert trygg skuleveg til næraste skule.

Avkøyrsla til fylkesvegen er ikkje utforma i tråd med gjeldande reguleringsplan for Hjertås nord med planID 125620050316. Sikta mot vest er for dårleg med sikhindringar som hekk og støyskjerm/gjerde.

Dersom kommunen likevel gir dispensasjon, ber vi om at det blir stilt krav til at avkøyrsla til fylkesvegen vert opparbeidd i tråd med reguleringsplan.

Vi ber om å få saka til klagebehandling når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen  
Senioringeniør

Silje Svanevik-Røren  
Rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*